

# LANGTIDS- PLAN

2024–2028

Bondeungdomslaget i Oslo

## BUL

- ein plass å høyra til
- ein god stad å vera
- eit lag med omsorg
- eit lag me kan vera stolte av



**BUL skal vera ein frilynt kultur- og idrettsorganisasjon som er open for alle som vil vera medlem. Uavhengig av kven du er, kva kropp du har, kva du trur på, kven du vel å vera glad i eller kor du kjem i frå.**

**BUL skal skapa trygge møteplassar som gir folk rom til å utvikla seg sjølve som menneske og samfunnsborgarar.**



## I KORTE TREKK SKAL BUL DEI NESTE FIRE ÅRA :

- Tilby aktivitetar innan teater, song, dans og idrett.
- Jobba med eigen identitet og synlegheit.
- Skapa eigarskap til laget.
- Sjå på styringsstrukturen.
- Legga til rette for aktivitet og heimslegkjensle i lagslokala.
- Føra bærekraftig forvaltning av forretningane.
- Laga ein plan for framtida til hyttene.
- Legga til rette for god språkbruk og positivt syn på nynorsk.
- Utvikla tettare samarbeid med nærskyldne organisasjonar og vera opne for nye samarbeid.



## MEDLEMSORGANISASJON OG AKTIVITETAR

---

BUL skal tilby aktivitetar i særlega Teaterlaget, Songlaget, Leikarringen og Idrottslaget.

BUL skal legga til rette for medlemsaktivitetane ved å løfta dei fram, dela på ressursane våre og vera lydhøye for ønska og behova til medlemmane.

BUL skal sørge for at medlemmane veit kva BUL er og kva BUL står for. Me skal utforma informasjonsmateriell, gjerne i form av ein introduksjonsfilm, brosjyrar og liknande.

BUL skal sjå på styringsstrukturen slik at det skal bli kjekkare å vera tillitsvald.

BUL skal jobba med eigen identitet og synlegheit. Me skal sjå på den visuelle profilen, deriblant logoen vår, og utarbeida ein designmal.

BUL skal skapa eigarskap til laget hos medlemmane gjennom samlande arrangement og infomateriell.

BUL skal utvikla årsmøtet til å bli ein opplæringsarena fleire vil møta på. Me skal prøva ut ulike årsmøtemodellar og tilby relevante kurs for medlemmane/tillitsvalde i samband med møtet.

BUL skal jobba for å få fleire medlemmar under 26 år.

## EIGEDOM OG FORRETNINGSDRIFT

---

### Lagsområda i Rosenkrantz' gt. 8

Bøndenes Hus AS eig, forvaltar og utviklar eigedommen Rosenkrantz' gt. 8. Laget skal sikra eit godt vedlikehald, og gjennomføra årlege investeringar som gir gode og tenlege lokale for brukarane. I perioden skal me pussa opp foajéen for å gjera dette til ein plass folk kjenna seg heime og for å synleggjera BUL for både medlemmar og besökande.

Lagslokala skal leggast til rette for aktivitet for, av og med BUL sine medlemmar. Fast medlemsaktivitet har forrang på huset, og elles skal me leiga ut romma. Me skal ha to årlege møte med særlaga og DMS for å planlegga kommande semester før me opnar opp for ekstern utleige.

### Hyttene

BUL skal ta ei grundig vurdering av drifta av dei to hyttene våre. Eit hytteutval skal sjå på dette.

Både Røkleivhytta og Bondehytta skal haldast godt ved like.

### Forretningsdrift

BUL skal forvalta forretningane på ein økonomisk sunn måte, samtidig som forretningsdrifta skal gi god avkastning som sikrar god og stabil drift i laget.

Forretningane og laget skal arbeida saman for profilering av huset og aktivitetane.



## SPRÅK

---

BUL skal styrka bruken av nynorsk som administrasjons- og kommunikasjonsspråk, og skal sjå på gode tiltak for å styrka nynorskkompetansen hos tilsette, medlemmar og tillitsvalde.



Alle arrangement me skipar til og skriftelege publikasjonar frå BUL, skal vera på nynorsk. Laget skal legga til rette for god språkbruk og eit positivt syn på nynorsk.

Målnemnda skal vera eit kompetanseorgan og gir råd om språkbruk i BUL og forretningane. Nemnda skal bidra til auka kunnskap og interesse for nynorsk og dialekt gjennom språkkurs og andre typar arrangement.

## SAMARBEID

---

BUL skal vera open for å samarbeida med andre organisasjonar der det måtte passa for å få perspektiv utanfrå og bygga gode relasjoner. Naturlege samarbeidspartnarar kan vera Noregs Ungdomslag (NU), Noregs Mållag, Norsk Barneblad, Den mangfaldige scenen AS (DMS), Det Norske Teatret (DNT) og Bygdelagssamskipnaden (BLS).

### Konkrete samarbeidsprosjekt:

**Den Mangfaldige Scenen AS (DMS):** Den kulturelle skulesekken (DKS)-produksjonen «Møt Nynorskens hus» har avtale ut 2025. BUL vil gjerne halda fram med dette opplegget også etter denne perioden viss det blir aktuelt.

**Bygdelagssamskipnaden (BLS) og Noregs Ungdomslag (NU):** Dei tilsette i BUL, NU og BLS har intensjon om å samlast ein til to gonger årleg for å utveksla erfaringar og finna gode samarbeidsmåtar.

